

Emne nr. 132

BORKTAKING OG SALG AV BORK

I

1. Allment veit vi at dei har nytta mange slag bork til barking og garving, såleis bork av bjørk, eik, furu, gran og pil. Kjennere du til at bork av andre enn desse tre har vorte nytta til barking eller garving?
2. Kva for bork vart mest nytta i di bygd?

II

3. Rundt om i landet har dei nytta mange ulike ord for arbeidet med å ta bork av trea for å nytta han til barking eller garving: å flekk(j)e, flette, loste, løype eller å sva. Nytta dei eit av desse orda i di bygd, eller nytta dei eit anna ord?
4. Var dette arbeidet noko som dei gjorde innimellom anna arbeid, eller var det ei særskild vinne?
5. Når på året var i tilfelle denne vinna og hadde dei eit særskilt namn på henne?
6. Var dette arbeidet manns- eller kvinnearbeid?
7. Korleis gjekk dette arbeidet for seg, og kva for reiskap brukte dei? – Det er vanskeleg å dele dette arbeidet opp på ei rad mindre omfattande spørsmål; det ville truleg vere lite vunne ved det også. Vi ber deg difor om å skildre heile arbeidsgangen så utførleg som råd er, like frå dei tok til og inntil all borken var av treet. Dersom dei nytta særskild reiskap, må du fortelje korleis han såg ut og kva dei kalla han.
8. Tok dei borken både av stommen og greinene, og var det i tilfelle skilnad på framgangsmåten?
9. Kva vart dei avberkte trea nytta til?
10. Korleis vart borken frakta frå skogen til gards?
11. Kvar vart borken tørka?

III

12. Dersom borken skulle nyttast på garden, korleis vart han då slått sund (hakka med øks, knust med øksehammaren eller ei klubbe, stampa i ein mortar o.a.)? Kor små skulle borkbitane vere?

13. Var dette arbeidet manns- eller kvinnearbeid?

14. Korleis oppbevarte dei den borken som dei skulle bruke på garden?

15. I mange bygder var det ei borkestampe der folk kunne få knust den borken dei skulle nytte sjølv. Vi har laga ei særskild spørjeliste om denne stampa, men i denne samanhengen vil vi gjerne vite om det var ei slik i di bygd.

IV

16. Selde dei bork i di bygd, og kven selde dei til?

Det vert tale om mange ulike kjøparar eller kjøpargrupper:

- a) Fiskarar som barka garn og not sjølv.
- b) Bønder og andre i bygder der dei ikkje hadde skog eller ikkje hadde skog nok.
- c) Oppkjøparar.
- d) Barkeri, garvarar eller garveri.

Framgangsmåten ved sal og kjøp var då truleg ulik for dei ulike kjøpargruppene.

17. Dersom dei selde borken til fiskarar, bønder eller andre som skulle bruke borken sjølv, korleis og kor møtte dei då kjøparane (under fisket, på marknad, på torget eller andre stader)?

18. Var det då heil eller knust bork dei selde, og korleis frakta dei han til leveringsstaden?

19. Dersom dei selde til oppkjøparar, kom desse då rundt og kjøpte eller tinga bork, eller måtte seljaren sjølv reise til oppkjøparen?

Også i dette tilfelle er det vanskeleg og lite tenleg å dele emnet opp i ”mindre” spørsmål. Vi vil gjerne få del i all den kunnskap du har om salget til oppkjøparar. Dersom du kjenner eller har hørt om slike oppkjøparar, vil vi gjerne få vite kva dei heitte og når dei dreiv med dette, kvar dei heldt til og kor og når på året dei (i tilfelle) reiste omkring for å kjøpe. Var det heil eller knust bork dei kjøpte? Leverte dei borken med same elelr leverte seljaren borken seinare og korleis vart han frakta?

Korleis oppbevarte kjøparen borken? Korleis knuste han den heile borken som han hadde kjøpt (vi har lese om oppkjøparar som hadde hakkmaskin for bork)? Dette er nokre av dei forhold som vi gjerne vil ha opplysningar om, og vi er takksame for alt som du måtte ha å fortelje.

20. Vi ber deg fortelje alt du veit om salg til barkeri, garvar eller garveri.

21. Kjenner du til at skomakaren har kjøpt bork?

22. Selde dei borken etter vekt (kilogram, skippund eller anna eining), etter rommål (skjeppe, tønne, sekk) eller i flak?

23. Kva veit du om risen?

24. Dersom dei selde til barkeri, garvar eller garveri, kunne dei då få betalinga i lêr eller i barking/garving av eigne garn/nøter/huder?

V

25. Vi veit at frå ein kommune der salet av bork hadde stort verd, vart sendt oppmoding til statsmaktene om å setje toll på innført garvestoff. Veit du om det har vorte gjort noko tilsvarande i di bygd?